



Arkivnr: 2014/598-4

Saksbehandlar: Bjarte Molvik

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		20.05.2014

## Rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren – budsjettfordeling nr. 3 - 2014

#### Samandrag

I budsjettet for 2014 er det løyvd 120 million kroner til rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren. Det er tidlegare i år fordelt totalt 61,25 million kroner frå denne budsjettposten. I denne saka rår ein til at det vert løyvd ytterlegare 8,2 million kroner til nye tiltak. Dette gjeld tiltak knytt til utbetring av feil og manglar ved elektriske anlegg på totalt seks av skulane i fylket.

## Forslag til vedtak

Fylkesutvalet godkjenner fordeling av midlar til rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren i 2014 som skissert i saksutgreiinga, og at det vert gjort følgjande budsjettendringar:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./mindreinnt.	Mindreutg./meirinnt.
10 64302000	02320	03223	Askøy vgs – internkontroll elektro Fyllingsdalen vgs. – Oppgradering el-	600 000	
10 64702000	02320	03238	anlegg	2 750 000	
10 64502000	02320	03232	Sotra vgs. - utbetring el. instalasjoner Sandsli vgs. – Oppgradering	500 000	
10 62602000	02320	03239	armaturar Austevoll vgs. – Oppgradering el.	250 000	
10 64802000	02320	03240	anlegg. Olsvikåsen vgs. – Internkontroll	2 500 000	
10 66102000	02320	03241	Elektro	1 600 000	
10 77702100	02320	03000	Rehab. / omb./ Tilbygg		8 200 000
				8 200 000	8 200 000

Johnny Stiansen  
fung. fylkesrådmann

Nils E. Vetlesand  
fung. fylkessdirektør økonomi

*Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 08.05.2014

### Innleiing

I budsjettet for 2014 er det løyvd 120 million kroner til rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren. Det er så langt i år fordelt 61,25 million kroner frå denne budsjettposten.

I denne saka rår ein til at det vert løyvd midlar til følgjande prosjekt:

### Askøy vgs - Internkontroll Elektro

I Fu sak 128/2012 vart det løyvd 0,2 mill. kt. til utbetringar av avvik av elektriske installasjonar og elfordelingar. Vidare vart det i fu-sak 204/2013 løyvd 0,3 mill til vidareføring av prosjektet .

I samband med gjennomføring av tiltaka vart det avdekka avvik i hovudtavle for bygg A. Effektbrytar for heile anlegget fungerer ikkje som den skal. I vurdering av tiltak er det anbefalt å skifte heile tavla, då den er gamal og det ikkje er rekningsvarande å utføre utbetringar.

Basert på kalkyle rår ein til at det vert løyvd 0,6 million kroner til prosjektet.

### Fyllingsdalens videregående skole - - Oppgradering el- anlegg

Skulen har utelys over inngangsparti som ikkje fungerer og elfordelingar som må skiftast. I samband med at ein gjer utbetringar rår ein til at ein oppgraderar anlegget slik at alle dei nye armaturane vert med LED og får dags-og bevegelsestyring. Skulen er plaga av jordingsfeil i stolpelys. Ein rår at resterande delar av gammalt leidningsnett / kablar vert skifta. Elfordelinga ved skulen har feil og manglar og må skiftast ut.

Avvika må utbetrast for å tilfredsstille krava i forskrifter for elektriske anlegg

Basert på kalkyle rår ein til at det vert løyvd 2,75 million kroner til prosjektet.

### Sotra videregående skule, avd TIP - utbetring el. instalasjonar

Det er tidlegare løyvd til saman 0,5 million kroner til utbetring av avvik på dei elektriske anlegga.

Ved utbetring av avvika vart det og avdekka feil og manglar på hovudtavle og ein underfordeling. Avvik må utbetrast for å tilfredsstille krava i forskrifter for elektriske anlegg

Basert på kalkyle rår ein til at det vert løyvd 0,5 million kroner til prosjektet.

### Sandsli vgs - Oppgradering armaturar

Skulen har fleire av utelampar på vegg som har jordfeil. Lampane er av gammal type og ein rår til at ein oppgraderar alle 14 armaturane til LED armaturar.

Basert på kalkyle er kostnaden rekna til kr 250 000.-.

### Austevoll vgs - Oppgradering el. anlegg.

Det er gjennomført ein kartlegging av elektroinstallasjonane på skule. Kartlegginga avdekkja mange feil og manglar og utstyr som må oppgraderast.

Ein har alt prosjekt knytt til gjennoppbygging etter brann, og prosjekt knytt til inneklima som er i gang på skulen. Ein rår til at full gjennomgang og omfattande oppgradering av elektriske installasjonar vert utført samstundes med desse prosjekta, slik at ulempene for skuledrifta blir minst mogleg.

Ein rår til at det vert løyvd 2,5 million kroner til prosjektet.

### **Olsvikåsen vgs - Internkontroll Elektro**

Skulen er av relativ ny dato men spesielt i forhold til det elektriske anlegget har det etter overtaking dukka opp stadige nye feil og manglar (avvik). Elektroentreprenøren som hadde utført jobben er i ettertid gått konkurs.

I Fu-sak 74/2013 vart det løyvd 0,4 million kroner og i FU-sak 204/2013 vart det løyvd ytterlegare 0,25 million kroner utbetringar av avvik på dei elektriske anlegga.

I samband med dette arbeidet vart det avdekka nye og omfattande avvik som må utbetraast då det utgjer stor fare for sikkerheten. Kostnadane er vanskeleg å kalkulere på grunn av omfanget og fordi feil vert oppdaga etter kvart som arbeidet har skridd fram. Arbeidet vert difor betalt etter medgått tid. I denne omgang rår ein til at det vert løyvd 1,6 million kroner prosjektet.